

Referat frå FAU-møte 30.august 2016-08-31

Styret i FAU skuleåret 2016-/17:

Miriam Vabø, leiar i FAU

1. kl. Torbjørn Refsdal, representant i SU
2. kl. Thomas Frotjold, kasserar
3. kl. Edmund Nyheim, representant i SKMU
4. kl. Ørjan Tvedt, vara SU
5. kl. Amelia Porime, vara SKMU
6. kl. Ida Marie Nordahl, nestleiar FAU
- 7 kl. Anne Solberg Eikemo, skrivar

FAU sitt arbeid i fjar

Referat frå årsmelding og rekneskap vil bli lagt inn på heimesida til Myking skule. Der kan de lesa om kva satsingsområde FAU hadde i fjar, kor mykje pengar som blei brukt på dette og kva som er igjen på konto.

Aktivitetar som FAU ynskjer å arrangere i løpet av skuleåret

Kino: Me vil spørje Arnljot Bjørge som driv Nyheim kino, om han vil vera med å lage kinodag/-kveld for elevane, gjerne saman med Kløve skule. FAU vil då dekka kinobillettane til Mykingelevene.

Karneval: Dette har FAU arrangert fleire år på rad, og me satsar på eit nytt karneval i februar.

Valfri aktivitet: FAU ynskjer at elevane skal stemme fram ein aktivitet dei vil skulen skal reise på. Dette kan td. vera å gå på skøyter i Bergenshallen, skidag eller ein tur på Vil vite-senteret. FAU har vore med og sponsra ein slik dag kvart år.

Lotteri

FAU har i mange år hatt eit lotteri for å få inn pengar som skal koma elevane til gode. I år ynskjer FAU å bytte ut lotteriet med "Dugnadspakken". Ein pakke består av 12 doble kort m/ konvolutt, som elevane sel for 200 kr. Det vil vera 130 kr i forteneste pr. pk. som blir seld. Me tenker at elevane sel to pakker kvar. Me vil då tena litt i overkant av det me tener på å ha lotteri, ca. 15 000 kr.

Foreldrerådsmøte 15. sept.

Leiar oppfordra styret til å stilla på dette møtet. Det er elles därleg frammøte på foreldrerådsmøta. FAU har av og til invitert foredragshaldarar/arrangert temakveld for å auka frammøte, med delt hell. FAU har ikkje planlagd foredragshaldar i samband med møtet 15. september.

Temakveld

Me høyrer med Kløve skule om me skal arrangere felles temakveld med foredragshaldar, slik som i fjor. Dette fungerte fint, og det var godt frammøte.

Fotografering av 1., 4. og 7. kl

Skulen har tidlegare brukt Fovea, som no har bytta namn til Foto Norden. FAU tenker det er greitt å nytta desse i år også. Nina bestiller dei i haust. Mogleg med søskjenfotografering.

Skuleskyss

Det har vore mange dagar i vinter der skulebussen ikkje har henta elevane. Sjåførane skuldar på glatte vegar, og elevane har stått lenge ute i kulden og venta på ein buss som ikkje kjem. Reglane er at viss ikkje skulebussen kjem, skal Nobina melda i frå til skulen så snart som mogleg. Dersom dette ikkje blir gjort, er det å rekne som eit avvik, og me kan senda inn klage. Når Nobina gjev beskjed til skulen, er det også viktig at skulen gjev beskjed vidare til foreldra, td. via sms. Kan skulen ordne med felles mobilvarsling til foreldra til dei elevane som tek skulebussen?

Det har vore praktisert ulike løysingar med skuleskyss på korte skuledagar, for å spara pengar på ekstra buss. FAU vil poengtere at elevane har rett på skuleskyss, også på korte skuledagar.

Diverse

- Det vart stilt spørsmål om ei edderkoppdisse som nokre elevar meinte skulle komme. FAU sjekkar opp i om skulen har lovt dei dette.
- FAU vil at alle klassane skal få sei noko om kva leikar dei treng på skulen (noko som treng å erstattast, meir av noko dei allereie har eller nye ting). Her tenker me at elevrådsrepresentantane vil få eit ekstra ansvar å samle inn desse ønska, slik at elevrådet kan lage ei ønskeliste til FAU.
- Det kom fram ønske om at skulen må bli gode på å ”snu seg rundt” når været er perfekt for uteaktivitetar som skøyter, ski, badestrond, fjelltur osb., og ikkje utsette dette til regnværsdagane.
- Friminutta i fjor var prega av mange leikeforbod, kanskje særskilt for mellomtrinnet. Vanlege leikar blei erklært forbode, då nokre elevar blei for ”voldsame” i leiken, og dei små vart uthrygge. Å forby ulik leik er ei lettint løysing for skulen, men vil gjere elevane passive. Korleis

kan ein endre dette? Kan friminuttvakta brukas på ein annan måte? Kan ein organisere felles aktivitet eit friminutt i veka, der ein vaksen har kontroll på leiken? Kan ein arbeida vidare med konseptet "aktivitetsleiarar", der 7. klassingar lagar til aktivitetar i friminutta? Kan ein organiserte det slik at småtrinnet og mellomtrinnet har matfriminutt til ulike tider nokre dagar i veka? Kan ein bruke gymsalen meir, slik at ein får delt elevane opp i mindre grupper? FAU ynskjer at skulen ser på rutinane for friminutta, og korleis ein kan bruka ressursane på ein best mogleg måte.

Referent

Anne Solberg Eikemo

Rekneskap for FAU Myking Skule 2015/2016

Inntekter

Farsdagslotteri	9 397,00
Karneval	7 522,00
Renter	3,00
Sum Inntekter	16 922,00

Kostnader

Farsdagslotteri	-1 970,09
Filmkveld	-389,49
Karneval	-4 257,00
Kontingenter	-500,00
Leiker Myking	-4 485,77
Aktivitetsdag	-2 925,00
Foredrag v Monica Sture	-1 449,00
Sum Kostnader	-15 976,35

Overskott 2015/2016	945,65
----------------------------	---------------

Frå forrige skuleår	38 085,85
Overskott 2015/2016	945,65
På konto 30.05.2016	39 031,50

30/5-2016

Kasserar for FAU Miriam Vabø

ÅRSMELDING - Myking skule FAU 2015/2016

FAU ved Myking skule skuleåret 2015/ 2016 har bestått av:

Leiar	Berit Bruvoll		
Nestleiar	Ida Marie Nordahl		
Sekretær	Anniken O. Sylta		
Kasserar	Miriam Vabø		
SU medlem	Eva Abelsen	Vara	Ørjan Tvedt
SKMU medlem	Steinar Kleiven	Vara	Remi Rognaldsen

FAU har hatt 5 møter og har handsama 31 saker dette året. Blant anna er det trivsel på skulen for borna våre som har vore eit av fokusområda til FAU dette skuleåret.

FAU har arrangert to foreldrerådsmøter, samt vi arrangerte temakveld på Kløvheim skule i lag med FAU på Kløvheim, Ostereidet og Eikanger skular. Det var Monica Sture (sjef i BUP) som hadde innlegg om grensesetting/ folkeskikk.

FAU har arrangert filmkveld for borna, og karneval. Vi ynskte i utgangspunktet å arrangere filmkvelden i grendahuset, då det er ferdig oppsatt framvisar og lerret der. Grunna at huset var opptatt fekk vi ikkje dette til men kan gjerast dersom ein skal ha filmkveld ein annan gong.

FAU har vore med å dekke utlegg i samband med skulen sin tur til Vil Vitesenteret. I november hadde vi farsdagslotteri og fekk eit overskot på kroner **7427,-** på dette.

FAU har i skuleåret fått inn kroner **16922,-**, og lagt ut kroner **15976,-**.

Totalt på konto er kroner **39031,50**.

Takk til alle foreldra som har jobba dugnad i samband med arrangementa.

Takk til alle i FAU for godt samarbeid.

Myking, 2. juni 2016

FAU leiar

Berit Bruvoll

